

# ASPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 2 2022



## Om bladet

### Ansvarleg utgjevar:

Stord sokneråd og  
Nysæter sokneråd

**Adresse:** Hamnegata 48,

5411 Stord

**Telefon:** 53 40 34 30

**E-post:** post@kyrkja-stord.no

**Web:** kyrkjastord.no

**Facebook:** @kyrkjaistord

**Kontonr:** 3201.23.04578

**Vipps:** Stord #124653

Gåver til kyrkjebladet merkast  
"SPIRA"

**Design:** Preg Design

**Framsidedfoto:** Frå gudstenesta på

Oswald Pub i samband med Folk  
i Sentrum i juni 2022. Fotograf:

Magne Langåker

**Trykk:** Skag Design og Trykkeri

**Opplag:** 7500 /utgåve 1/ årgang 4

**Papir:** Miljøvennleg Paperwise



### Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)

Elisabeth Fauskanger

Anders Grov Nilsen

Svein Olav Langåker

Barbro Høyland Andersen

Hildegunn Heimro

Anders Dahl

Kyrkjelydsblad vert ifølgje forbrukartilsynet  
ikkje rekna som uadressert reklame, og blir  
fulldistribuert til alle husstandar i kommunen.



**DEN NORSKE KYRKJA**

Stord og Nysæter

# Noko nytt skal spira fram

Spiring er noko me helst knytter til våren. Men er det ikkje rart korleis hausten kjem og blir som ein ny start den óg? Me trur stadig me er ferdige, men heile tida skjer det noko nytt.

Me avslutta våren med konfirmasjonar i kyrkjene våre. Dei gamle konfirmanter gjekk ut. No er nye konfirantar i gang - enda fleire enn i fjor!

«Kyrkja ho er eit gammalt hus». Me ser det på Stord, og Huglo. Kanskje ikkje like tydeleg på Nysæter, der kyrkja berre er 32 år...

Nokon av oss ber med oss historia om folk og hendingar i kyrkjene frå tidlegare: «Han sat alltid på den plassen.» «Ho song så høgt.» «Dei kom alltid for seint...»

Blant det me hugsar er kanskje også: dåp... gravferder... vigsla ... baby-songen... konfirmasjonstid... her og der... KRIK... småbarnssong... 4-årsbok... koret Sanctus... søndags-skulen... speidaren... bibelgruppa... Basement... Kyrkjestova Fredheim...

Noko *var* i gang – slik gjorde me det før. Noko *er* i gang – slik gjer me det no. Det skjer noko når menneske sluttar og nye kjem til.

I haust blir det eit skifte: Kantor, trusopplærar, prest går ut, og nye kjem til. Då er det tid for å vera takksam for det som har vore, men òg for å gle seg over det nye som spirer fram. Drøyma om det som skal koma.

Guds rike kjem stadig til oss, gjennom samlingane våre, dei ulike møta der ein blir sett og teken i mot. Derfor er det alltid viktig når du kjem.

«Sjå, eg gjer noko nytt.  
No spirer det fram.  
Merkar de det ikkje?»

Jes. 43,19

OLAV OMA, SOKNEPREST



# Nytt frå sokneråda

Snart skriv me oktober, og haustsemesteret er i full gang. Det skjer mykje i kyrkjene våre, og i denne spalta gir soknerådsleiarane oss ei lita status-oppdatering for kvart sitt sokn.

## Haut-semesteret i Nysæter kyrkje

v/ Leiar i Nysæter sokneråd, Marta Kristin Valvatne

Om du går på ungdomsskulen og ønskjer **leksehjelp**, er døra open om måndagane etter skuletid.

Om du er heime med småbarn, så står det mat på bordet kvar tysdag kl 11. Velkommen til **Mat og prat!**

Annakvar veke frå kl 17 har me **Supertirsdag** for barn frå 1-9 år med vaksne med seg.

Onsdagene øver kyrkjekoret **Sancus**, og fleire er velkommen.

**Kyrkjeringen** lagar fine handarbeid og ønskjer fleire velkommen.

I tillegg vil me i haust ha ein **kyrkjelydsfest** og ønskjer alle velkommen 27. oktober.

1. november står *Det sårbare livet*, ei framføring i ord og tonar, på programmet i regi av **Puls på livet**.

Før det skal me ha ein **salmekveld** 25. september, med godt og rytmisk akkompagnement.

Her er mykje som skjer, og kvar søndag samlast me til **gudsteneste**.

Velkommen til Nysæter kyrkje!



Leiar i Nysæter sokneråd, Marta Kristin Valvatne. Foto: Privat

## Stord kyrkjejd hausten 2022

v/ Leiar i Stord sokneråd, Anders Dahl

Stord sokneråd tek fatt på ein haust som vert prega av at me for tida ikkje har fast sokneprest på Stord. I august takka me av Olav Oma som har vore sokneprest og fast medlem i soknerådet denne perioden, og ønskte han lukke til vidare i tenesta på Fitjar.

No er jakta på ein god erstattar i gong – og me håpar på gode søkjarar. **Oppstart for ein ny prest** vert tidlegast på nyåret. Det er gledeleg at me også har fått lysa ut ei **nyoppretta stilling som spesialprest** med fokus på studentar og ungdom – det kan verte ei spennan-

de teneste å utvikla framover!

Det vert nokre færre aktivitetar denne hausten som følgje av færre tilsette enn vanleg – men eg trur likevel det vert **mange kjekke møteplassar** både rundt gudstenestene og i veka elles.

Når bladet går i trykken har det vore både basar i Kyrkjestova og konserter i kyrkja. No planlegg me **ungdomsgudsteneste** i september og **kyrkjelydsleir** for store og små i november.

Eg opplever at kyrkja er viktig for



Leiar i Stord sokneråd, Anders Dahl. Foto: Privat

mange av innbyggjarane på Stord. Det gler meg når eg høyrer fortellingar om barn eller vaksne som har hatt eit godt møte med kyrkja, anten det er på babysong, på gudsteneste, i samband med dåp eller gravferd.

Du er alltid velkommen til kyrkja – og det er alltid plass til deg og heile livet ditt her. Velkommen til kyrkja!

# Fullt hus og stormande jubel!

No er det endeleg andre tider: Me kan samlast igjen – og me ser at det blir sett pris på: Husa våre fyllest jamleg til store og små arrangement! Det er fantastisk kjekt å sjå og oppleva. Her er ein liten stemningrapport frå tre kjekke samlingar som har vore i haust: Pøsefest i trusopplæringa i Stord kyrkje, Basar i Kyrkjestova Fredheim og Konfirmant-tur til Solgry.



## Pøsefest i Stord kyrkje

I haust har me starta opp med felles-samlingar for aldersgruppa 1-9 år i begge kyrkjene våre. I Stord kyrkje blei det ein skikkeleg pang-start på semesteret, med Pøsefest og 61 born på første samlinga.

På samlinga fekk barna i skulealder komma ned i kjelleraren, der det venta bibelfortelling og kjekke aktivitetar. Dei minste vart igjen oppe i kyrkjerommet for song og leik der. Etterpå var det pølser til både store

og små.

– Me gler oss til å treffa både barn, foreldre og besteforeldre igjen til samlingar vidare utover hausten, seier kyrkjelydspedagog Anne Brandvik Nilsen. Ho trur mange synest det er fint å kunna ha fleire av barna på samme dag/samling.

Felles-samlingane er eit lavterskel-tilbod og alt er gratis. – Slik vil me visa at kyrkja er for alle og at det er trygt og godt å vera her, seier Anne.

## SUPERTYSDAG OG PØSEFEST

Dette er kjekke felles-samlingar for barn i aldersgruppa 1-9 år. Samlingane er ganske likt organisert i begge kyrkjene, men har ulikt namn:

I Stord kyrkje er det **PØSEFEST** kvar 14. dag, onsdagar kl 17:00-18:30. Neste samling er 28. september.

I Nysæter kyrkje er det **SUPERTYSDAG** kvar 14. dag, tysdagar kl 17:00-18:30. Neste samling er 27. september

Velkommen til song, leik, kjekke aktivitetar og pølse til alle:)



Full kyrkje og god stemning når 61 barn og følget deira samlast til Pøsefest i Stord kyrkje. Foto: Kyrkjekontoret.

## God basar-stemning i Kyrkjestova

Laurdag 10. september hadde Kyrkjestova Fredheim ein svært vellukka basar i Kyrkjestova. Det var invitert til både barne-basar og "vaksen"-basar denne dagen.

– Omlag 160 personar var innom dei to basarene, og stemninga var svært god, fortel Dag Sele, styreleiar i Kyrkjestova Fredheim.

Totalt kom det inn nær 53 000 kroner brutto, og inntektene går til drift og nedbetaling av Kyrkjestova.

– Eg vil retta ein stor takk til komi-

teen, til alle som leverte gevinstar og ikkje minst til alle som kom og som kjøpte lodd, seier han.

Kyrkjestova Fredheim er ein samlingsstad for Stord kyrkje. I haust står samlingar som «Pizza & Quiz», og Søndagskaffi i kalendaren jamleg.

– Velkommen innom, seier Dag, og legg til at det enno er rom for fleire for samlingar.

– Ta gjerne kontakt dersom du har ein ide du har lyst til å prøva ut! oppmodar han.



Overlevering av gevinst. Alle foto: Barbro Høyland Andersen



Populært å spinna lykkehjulet.



Glad vinnar som kan rekka opp åra.



Egil Petterteig, Signe Vorland og Åshild Oma Sele i aksjon med trekking.

## Super oppstart med nytt konfirmantkull



God stemning i bussen på veg til Solgry på konfirmantsamling. Foto: Kyrkjekontoret

Nytt konfirmantår er i gang, og i år har me 142 konfirmantar fordelt på dei to kyrkjene. Dette er ein god auke frå i fjor, noko me er me veldig glade for.

Konfirmantane har for det meste samlingane sine i kyrkja, men dei siste vekene har alle gruppene fått seg ein tur til leirstaden Solgry i Sveio.

Der har det vore massevis av kjekke aktivitetar: Gokart, kanopadling,

fotball, minigolf, luftgevær-skyting og samling i peisestova med tema *Gud, kven er det?* - og så var det heimelaga pizza til alle.



Minigolf var ein av aktivitetane på Solgry. Foto: Kyrkjekontoret

# Vårens vakraste eventyr?

Det var i alle fall vakkert å vera med og konfirmera dei vel 130 konfirmantane i Stord, Nysæter og Huglo. Over 10 gudstenester måtte til, og mange var med og feira ungdommane våre.

På denne og dei neste sidene finn du bilde av konfirmantane. Bilda er tekne etter gudstenesta eller like før, på veg inn.

I gudstenesta takka me Gud for kvar enkelt og la konfirmanten og kvarandre i Guds gode hender. Hugs at de høyrer til.

Namna står i alfabetisk rekkefølge, og ikkje i rekkefølga konfirmantane står i på bildet.



**Huglo kapell, skjærtorsdag/ 14. april:** Adrian Aasheim Nordtveit



**Stord kyrkje laurdag 07.05. kl 10.30:** Leah Brady-Vikene, Lars Tanggaard Eide, Thomas Hatlevik, William Christiansen Johnsen, Emilie Knudsen Kaldestad, Annie Onarheim, Marion Rafdal, Karoline Thorkildsen Solhaug, Malin Svensen, Harald Haga Tofte, Jacob Skjerven Valland, Johanne Skjerven Valland, Sunniva Hauge Vatna, Yamah Ovelee Gbelee



**Stord kyrkje laurdag 07.05. kl 12.30:** Aron-Krizander Haraldseid, Guro Romfog Waage, Ivan-Kristoffer Hammerbeck, Oliver Huse, Johanne Hystad Kyvik, Olav Omvik Mikkelsen, Isabel Kallestad Olsen, Selma Hillersøy Resser, Mats Mikkelsen Sæther, Johannes Tholvsen, Tiril Brandvik Tollaksen, Malene Toft Tollaksvik, Ida Christine Vad, Ida Landa Vik, Maria Lovise Vik, Henrik Håvik Arnevik



**Stord kyrkje laurdag 08.05. kl 11:00:** Abdalla Basel Abokersha, Viljar Alvsaker, Eirik Størkson Berg, Simon Ølund Birkeland, Sofie Horne Bjerkøen, Ole Gerhard Eide-Røssland, Nora Aadland Flatås, Ole Kristoffer Mathisen Grip, Mathèa Hårde, Nicholas Moores Nesse, Selma Dahle Nome, Balder Onarheim, June Skulstad, Martine Skulstad, Mabel Sara Thomas, Kasper Andreas Rygg Tonning



**Stord kyrkje laurdag 21.05. kl 10:30:** Åsmund Ekeberg Antonsen, Torjus Teistedal Dyrøy, Sebastian Nylund Eidet, Mats Sætrevik Endal, Eileen Rommetveit Folkestad, Maren Vik Framnes, Karoline Grimsbø, Malin Strømme Grov, Live Hauge, Johannes Klippen Hellesund, Seline Molde Ottesen, Johanne Rolfsnes, Salomon Rüger, Pernille Simonsen, Berthine Valvik Tønnessen



**Nysæter kyrkje laurdag 14.05. kl 10:30:** Elijah Carruthers, Leander Smakiqi Eide, Ingvild Bjørgen Gregersen, Emil Aase Larsen, Adrian Nicolai Mikkelsen-Salberg, Frøya Sæteren Rykkje, Lucas Tvedt, Isak Skogheim Vilnes



**Nysæter kyrkje laurdag 14.05. kl 12:30:** Joakim Borrevik Abelsen, Einy Almås, Martin Tufta Bøe, Odin Kvinnesland Hansen, Theo Mikalsen Helland, Aurora Storeng Lorentsen, Ørjan Kibsgård, Kristoffer Eide Ulriksen, Lana Helen Dagsland Waage



**Nysæter kyrkje søndag 15.05. kl 11:00:** Aron Mathias Olsen Bjelland, Daniel Brekke, Morten Pedersen Johansen, Mathias Kvamsdal, Siggie Montha Mæland, Michelle Vikanes Røvdde, Anna Siqveland-Nilsen, Linnea Thorbjørnsen, Morten Kristoffersen Vestbø



**Stord kyrkje laurdag 21.05. kl 12.30:** Malene Bergsvåg-Kaldråstøyl, Elias Matre Brandvik, June Sørli Eithun, Isak Grov, Linnea Aga Halstensen, Trygve Herskedal, Kristine Landa, Aleksander Lundsvoll-Husevik, Hilde Løklingholm, Håvard Løklingholm, Marco Vågen Tøkje, Nellie Serine Blikra Valvatna



**Stord kyrkje laurdag 21.05.:** Malin Strømme Grov



**Stord kyrkje søndag 22.05. kl 10:30:** Isabell Frotjold Brady, Kristoffer Aadland Djuve, Jonas Stautland Eide, Matheo Lohela Hamn, Sunniva Taxt Holmedal, Linnea Madeleine Jonsson, Mia Jahn Jordåen, Malin Fadnes Karlsen, Bjarne Koløy, Katrine Berge Olsen, Susan Rea-Mathisen, Martin Runnane, Hanne Sofie Dilidili Sandhåland, Sofie Stautland Siglen, Peter Bergesen Vatte, Emilie Olderkjær Veivåg



**Stord kyrkje søndag 22.05. kl 12:30:** Kristoffer Tepstad Eggøy, Thea Sæbø Helland, Eirik Kaldråstøyl Johansen, Mina Braathen Kannalønning Knut Laukhamar Klippen, Snorre Havn Mehammer, Theodor Raunholm, Noah Sandbakken, Felicia Johansen Skaar, Magda Marielle Sørdal, Angelica Almås Tyse, Alicia Valdal-Østensen, Matilde Verpelstad, Ole Johannes Tveit Vikanes

Du kan  
gi ei gåve med

**vipps**

124 653  
Stord sokn

Gi ei gåve med Vipps eller  
giro i dag, slik at me kan  
halda fram med å levera  
SPIRA i postkassane!



## Rett i postkassa di kjem det...

... Kyrkjebladet Spira - eit blad for alle på Stord. Eit blad som fortel historier om oss som bur her, om kva me er opptekne av og tenkjer på.

Det er mange på Stord som har viktige ting å fortelja. Du les om nokre av dei i dette bladet. Me treng Spira for å få høyra nokon av dei mange forteljingane. Og Spira treng deg! Du som les i bladet akkurat no.

Vil du vera med og støtta bladet med ei pengegåve – slik at enda fleire forteljingar kan bli fortalt?

Takk for at du les Spira! Og takk for ditt bidrag!

Helsing redaksjonen i Spira v/ Olav J Oma, redaktør

## Kvittering

Innbetalt til konto

Beløp

Betalar sitt kontonummer

Betalingsinformasjon

Denne blanketten kan ikkje nyttast som brevgiro

Betalt av

Betalt til

SPIRA  
v/ Stord sokneråd og Nysæter sokneråd  
Hamnegata 48  
5411 Stord

KID/Melding

Støttegåve til SPIRA

Kroner

Øre

Til konto

3201 23 04578

# 5 på søndagsskulen før og no

Tidlegare var det søndagsskular nærast "på kvart hjørne". Dei siste ti-åra har talet på søndagsskular svinga, men det er framleis stor aktivitet i dei søndagsskulane som er igjen. Både på Horneland bedehus, Leirvik bedehus og på Hystad skule er det aktive søndagsskular. I Stord kyrkje og i Nysæter kyrkje er og søndagsskular, men begge desse har pause i drifta for tida. Me har snakka med både store og små "søndagsskularar" frå ulike søndagsskular om kva søndagsskulen er for dei.



**Ida Sofie Heimro (22)**  
**Thea Oline Heimro (22)**

**Kva søndagsskule gjekk de på?**  
Me gjekk på Nysæter søndagsskule i kyrkja.

**Kvifor gjekk de på søndagsskulen?** Me gjekk på søndagsskulen fordi foreldra våre tok oss med dit og fordi mamma/tante var ein av leiarane. Etter kvart fekk me oppgåver og hadde blant anna ansvar for å registrera dei som kom og å lima klistremerke inn i kort.

**Kva hugsar de best frå søndagsskulen?** Det var fotballturneringa på Grinde der søndagsskulen var med saman med andre søndagsskular og så hugsar me kyrkjeaffien etterpå, men det me hugsar aller

best og som gjorde inntrykk på oss var då søndagsskuleleiar og formidlar Kari Bolette fortalde om den bortkomne sonen, og levde seg slik inn i forteljinga at ho åt ein bit av ei potet i bioavfallet som var der.




**Sigrid Kinne Alvsåker (7)**

**Kva søndagsskule går du på?**  
Eg går på Hystad Søndagsskule. Den er på Hystad skule.

**Kvifor går du på søndagsskulen?** Eg går på søndagsskulen fordi vennene mine går der.

**Kva synes du er kjekt på søndagsskulen?** Det eg synest er kjekt med søndagsskulen er å gå i gymsalen. Eg synest òg det er kjekt at me får kjeks og saft.



**Hege Myhre Hope (34)**

**Kva søndagsskule gjekk du på?**  
Eg gjekk på Horneland Bedehus. Eg går der framleis, men no som mamma og leiar.

**Kvifor gjekk du på søndagsskulen?** Det var vel fordi mamma og pappa tok meg med og så syntest eg det var kjekt der. Eg tenkte ikkje så mykje ikkje over det då. Etter kvart vart eg med som hjelpeleiar saman med ei venninne. Det var stas.

**Kva hugsar du best frå søndagsskulen?** Det eg hugsar aller best var det store kartet som var framme i rommet. Bestemor var med som leiar og peika på dette kartet då ho fortalde. Elles hugsar eg godt flanellografen og nokre av songane. Eg likte godt å syngja.



**Ruben Brosvik (12)**  
**Ella Brosvik (9)**

### **Kva søndagsskule går de på?**

Me går på Imf Stord på Leirvik bedehus.

**Kvifor går du på søndagsskulen?** Ruben: Eg går på søndagsskulen fordi me er kristne og har lyst til å vera med i ein menighet, og bedehuset er ein kjekk plass å vera.

Ella: Eg går på søndagsskulen fordi foreldra mine tar meg med dit og der lærer eg om Jesus.

**Kva synes du er kjekt på søndagsskulen?** Ruben: Eg synest det er kjekt for eg har mange venner der, eg får høyra om Jesus og der er aktivitetar som er gøy!

Ella: Eg synest det er kjekt for eg møter fleire som er kristne, det er gøy å høyra om Jesus. Eg synest òg at leikane er kjekke og så er det bra at foreldra ikkje er der heile tida.



**Ruth Ingeborg Storebø Bjelland**

### **Kva søndagsskule gjekk du på?**

Eg starta på søndagsskulen i Måløy, og fortsette på Horneland søndagsskule då me flytta til Stord.

**Kvifor gjekk du på søndagsskulen?** Eg gjekk på søndagsskulen fordi pappa (Paul Magne Storebø) var søndagsskulelærar og han tok oss søsken med på søndagsskulen.

**Kva hugsar du best frå søndagsskulen?** Det eg hugsar best frå søndagsskulen var nok då eg vart spurd om å hjelpa til med stempling av fiskar i frammøtekorta. Eg følte meg stor då. Seinare fekk eg vera med som hjelpeleiar og lesa forteljingar for dei minste. Det likte eg godt. Så då vart eg søndagsskulelærar eg òg, først på Horneland og seinare på Bjelland søndagsskule. Det var eit frivillig arbeid som eg treivst med i mange, mange år.

*Gå på søndagsskule?*

## **Visste du at det finst Søndagsskule for vaksne?**

Den norske kyrkja har lansert podkasten *Søndagsskule for vaksne*, med Solveig Kloppen og prestane Trond Bakkevig og Silje Kivle Andreassen.

I podkasten skal dei tre saman finna svar på store og små spørsmål knytt til Bibelen og kristen tru. Du finn den der du lyttar til Podcast!



**Imf Stord sin søndagsskule:**  
Søndagsskule under forsamlingsmøte annankvar søndag kl 11:00 på Leirvik bedehus.

**Hystad søndagsskule:**  
Søndagsskule i Landskap 1 annankvar søndag kl 11:00

**Horneland søndagsskule:**  
Annankvar søndag på Horneland bedehus kl 11:00

# Hystad søndagsskule 50 år

Det tok ikkje lang tid frå Hystad skule stod ferdig bygd i 1971 til skulen blei samlingsplassen for nyoppstarta Hystad søndagsskule. I år kan søndagsskulen feira 50 års jubileum.

## Søndagsskule på skulen

Hystad skule blei bygd i eit område der nye hus reiste seg og talet på barnefamiljar var stort. Rektor var positiv då to framsynte lærarskulestudentar; Elsa Skare og Kjellfrid Mæland tok initiativ til oppstart av søndagsskule på den nybygde skulen. Jens Steinsland blei med som leiar frå starten av. Å ha søndagsskule på skulen viste seg å vera ein god ide! På den aller første samlinga i advent 1972 kom det 47 barn, og leiarane som tok imot mista nesten pusten! I løpet av 1973 var talet på medlemmer over 200.


## Trekkspel og populære filtfignurar

Fleire av leiarane var småbarnsforeldre og budde i området rundt skulen. Jens gjekk frå huset sitt i Rustungvegen til søndagsskulen så godt som kvar einaste søndag med det kvite trekkspelet i kofferten og ein "hale" med barn frå dei mange naboehusa bak seg. Han leia allsongen og fortel med glimt i auga at han i ettertid har fått høyra at då dei song «eg vil likna Daniel og eg vil likna Rut» var det nokon som tenkte: «og eg vil likna Jens». Flanellografen blei innkjøpt med

ein gong, og bibelforteljingane blei fortalt ved hjelp av dei populære filtfignurane. I tillegg hadde dei minneord og mykje song og musikk. Fleire av leiarane spelte piano, gitar og trekkspel. På søndagsskulen blei «dumpa» snart så full av barn at dei måtte dela seg i fleire grupper. Om våren var det søndagsskuleturnar til Ådlandsvatnet, om hausten Søndagsskulens dag på Leirvik og før jul var det julefest i gymsalen på skulen.

## 30 år som søndagsskuleleiar

Jens kan sjå tilbake på ein 30 år



lang karriere som søndagsskuleleiar. Utallige er dei barna som kjenner han som "søndagsskulemannen". Sjølv fortel Jens om eit godt fellesskap blant leiarane og mange gode søndagsskuleminne.

– Det har gitt meg utruleg mykje å vera søndagsskuleleiar, avsluttar han.

### Hystad søndagsskule i dag

Det har gått mange år. Hystad skule har blitt både eldre og større, men framleis er det søndagsskule her. Hildegunn og Fredrik Gaustad er

”

Det har gitt meg  
utruleg mykje å vera  
søndagsskuleleiar

Jens Steinsland,  
søndagsskuleleiar i Hystad  
søndagsskule gjennom 30 år

mellem dei som held i stafett-pinnen som leiarar nå. På samlingane kjem songtekstane opp på stor-skjerm og trekkspilet er bytt ut med musikk frå anlegget. Bibelforteljingane blir fortalt med flanellograf ennå, men og med andre hjelpemiddel. Barna i dumpa kjem ikkje lenger åleine, men har fått selskap av foreldre og besteforeldre som og ønskjer vera ein del av fellesskapet søndagsskulen gir.

Bildetekstar:

T. v: Klipp frå gamle søndagsskule-protokollar.  
Jens Steinsland, søndagsskuleleiar gjennom 30 år.  
Foto: Elisabeth Fauskanger

T.h: Bilete frå nylege samlingar på Hystad  
søndagsskule. Leiar Fredrik Gaustad. Foto: Privat.

### Låg terskel og høg trivsel

Hildegunn og Fredrik kom som tilflyttarar til Stord og opplevde at søndagsskulen på Hystad skule blei ein dørøpnar til å bli kjent med folk. Her er terskelen låg, lokalet godt tilrettelagt, trivselen høg, tilbagemeldingane gode og fellesskapet samlande. Ekteparet har vore aktive i ei stabil leiargruppe dei siste 11 åra og seier det er lystbetont å vera søndagsskuleleiarar på Hystad. Hildegunn og Fredrik er og glade for at dei tre gutane synest det er kjekt å ha medansvar og at søndagsskulen dermed blir noko heile familien er saman om.

### Fleire generasjonar samlast

Hystad søndagsskule samlar omlag 30-40 born og like mange vaksne til samling med lystenning, skattekiste, leik, trylling, bibelforteljing og song. Etterpå er det aktivitetar i hobby-gruppe eller gymsal før ein samlast til ei felles avslutning etterfølgd av kaffi og saft og noko godt å eta.

### Vil du vera med?

Fekk du lyst å komma på søndagsskulen på Hystad? Dei neste samlingane er 25.september og 23.oktober kl.11 i landskap 1. Velkommen til å vera med!



# Gøy med KRIK Familieleir på Framnes

22.-25.juni deltok meir enn 10 familiar frå Stord på KRIK Familieleir på Framnes kristne vidaregåande skule i Norheimsund. Leiren var ein topp start på skuleferien med herleg sommarvêr, kjekt fellesskap, mykje lek og inspirerende undervisning.

## Endeleg leir (igjen)

Leirkomiteen gjennomførte ein "prøve-leir" på Framnes for 3 år sidan og har sidan venta utolmodig på at korona-restriksjonane letta og ein kunne gjennomføra open familieleir. No var tida her, og 55 vaksne og 80 barn kunne samlast til leir! Nokre budde på internat medan andre campa i telt eller vogn. Arne Kaldestad frå Familie-KRIK på Stord tok del i leirkomiteen.

## «Liv og lek og song og glede»

Overskrifta er frå leirsongen – og beskriv hovudinnhaldet i leiren godt. I god KRIK-ånd var det mykje aktivitetar på programmet, og med godt sommarvær kunne me vera

mykje ute! Det var nokre organiserte økter der barna vart delte inn i grupper etter alder, og elles var det mykje tid til å nytta aktivitetstilbod som fotball, volleyball, bading, sykling, hoppeslott, kanopadling, boble-fotball, bruskasse-klatrung, frisbee og mykje meir. Jonsokaften var det eige "Ta-sjansen"-opplegg med hinderløype i vatnet.

## INN, OPP og UT

Kvar dag var det familiemøte på føremiddagen og kveldsmøte for dei vaksne. Solfrid Storaker Lindøy underviste på familiemøta og snakka om stikkorda *inn*, *opp* og *ut*. Først snakka ho om å invitera *INN i gjen-*

å vera med i eit fellesskap med andre. Så snakka ho om då Jesus gjekk *OPP i fjellet* og korleis me kan retta merksemda opp til Gud. I siste møte var fokus på korleis me kan ta med trua *UT i verda* - gjennom å bruka hender, føter og tida vår til å hjelpa andre rundt oss i kvardagen. På alle møta var det lovsong som vart leia av eige leir-band.

## Tru på heimebane

Sidan deltakarane på leiren var barnefamiliar hadde komiteen også eit ekstra fokus på korleis ein kan vera gode foreldre og formidle tru også på heimebane. Petter og Kristina Ekerhovd-Ottersen med sine fire barn deltok på første del av leiren



og underviste om dette. Dei driv nettstaden og instagram-kontoen *ForeldreSammen* kor dei formidlar påfyll og inspirasjon til familielivet og ekteskapet. Kristina hadde seminar om tru på heimebane og løfta fram det å vera eit førebilete som lar det visast at trua pregar vala me tek i kvardagen – og å også innrømme noko ein angrar på etterpå.

### Nye vener gjennom idrettskontakten

Gjennom dei kjekke dagane på Framnes fekk både store og små deltakarar tid til å bli kjent med nye vener og gjera kjekke ting i lag.

### FamilieKRIK på Stord

På Stord er det eige FamilieKRIK-lag som har treningar annankvar laurdag kl 15:30-17:00 i Nordbygdohallen – med deltakarar frå både Stord og Nysæter sokn. Neste samling er laurdag 1. oktober. Samlingane er opne for alle og er ein arena der heile familien gjer noko kjekt og aktivt ilag - og ilag med andre familiar.

Velkommen med på trening i løpet av året som kjem, eller på neste familieleir i juni 2023!



### Kva er KRIK?

Kristen Idrettskontakt (KRIK) er ein medlemsorganisasjon med over 350 lokallag og over 13 000 medlemmer i Noreg.

Hovudmålgruppa er 13-26 år, men det er eit veksande familiearbeid.

KRIK på nasjonalt nivå arrangerer kvart år fleire leirar for både ungdom og familiar, til dømes *Action, Arena* og *Explore*.

KRIK skaper idrettsarenaer der barn, unge og familier kan veksa i trua på Jesus og har som visjon å skapa idrettsglede, trusglede og livsglede.

Det er to KRIK-lag på Stord, eit for familiar og eit for ungdommar.

Har du lyst å bli med? Sjekk ut facebooksidene til *FamilieKRIK Stord* og/ eller *KRIK Stord* eller ta kontakt med namna nedanfor:

**FamilieKRIK:**  
Ingeborg Brekke,  
tlf 996 96 905

**KRIK (frå 8.klasse og oppover):**  
Brynhild M. Stautland,  
tlf 906 72 397

**KRIK**  
KRISTEN IDRETTSKONTAKT

#### Bildetekstar:

- Venstre side: Boble-fotball og balansering på line. Foto: privat.
- Øvst denne sida: Fine møte og for både store og små. Foto: privat.
- Midten denne sida: KRIK-banneret på plass på Framnes. Foto: privat.
- Nedst: Mange familiar møttest til kjekke sommarkar på Framnes. Foto: KRIK.

# Ein ny haust

Denne hausten skjer det store endringar kyrkjestaben i Stord kyrkjelyd. Desse tre er involverte:



Sokneprest Olav Oma.  
Foto: Magne Langåker

## Olav J. Oma - sokneprest

Det kom som ei sjokk-melding på mange at den spreke og folkekjære soknepresten vår avslutta prestetenesta på Stord midt i august.

– Eg kan ikkje sjå på dykk, for då begynner eg å grina, opna ein rørt sokneprest gudstenesta si med 21. august.

Kyrkjeleir, kyrkjebladet Spira, kommentert gudsteneste og kyrkjelydskveld er nokre av nyskapingane me har fått del i under Olav si teneste i Stord.

Dåpsgudstenesta vart avslutta med applaus for Olav. Før dåpsfotograferinga forkynte bergensaren – Då blir det de siste dåpsbildene i Stord kyrkje med meg - i alle fall på en stund.  
Alltid med glimt i auga.



Kantor Ole Jørgen Furdal.  
Foto: Barbro Høyland Andersen

## Ole Jørgen Furdal – kantor

I løpet av denne hausten tek me også avskjed med kantoren vår som sluttar seg til pensjonistane.

Ole Jørgen har Bach som ein av favorittane og som kantor i vår kyrkje har han vore kjent for den klassiske kyrkjemusikken og det flotte musikalske uttrykket kring dette. Ofte har dette vore i samspel med andre.

– Når slikt samspel fungerer, er det utruleg meningsfullt og eit privilegium å vera kyrkjemusikar, seier Ole Jørgen.

I juli vart det lyst ut stilling som kyrkjemusikar, og målet er å få på plass ein ny musikar i 100% fast stilling frå oktober.

**Nytt om tilsette elles:** Elisabeth Fauskanger er i permisjon frå stillinga som kyrkjelydspedagog dette skuleåret. Like før bladet gjekk i trykken vart det kjent at Noah Vibe er tilsett i 100% stilling som kyrkjemusikar i Stord sokn frå 1. oktober, etter kantor Ole Jørgen Furdal.



Professor Sigurd Grindheim.  
Foto: Privat

## Sigurd Grindheim - professor

Sigurd blir å sjå og høyra som prestevikar i tida framover. Han håpar kyrkjelyden vil bera over med at han preikar på bokmål.

Grindheim kjem frå Oslo med si etiopiske kone Kidist Bahru Gameda og deira 3 år gamle son. Familien er busett på Horneland og Sigurd har hovudstillinga si som professor i KRLE på høgskulen på Rommetveit.

Han er ein aktiv skrivar med både bibelomsetjing, bøker, fagartiklar og avisinnlegg.

– Eg likar dei vennlege menneska og alle turalternativa på Stord. Og Stord har ein levande og aktiv kyrkjelyd som eg gler meg til å få dela den glade budskapen om Jesus med.

## Andakten

Det var første konfirmantsamlinga. Med strålende sol og blikande stilt vatn kunne dagen ikkje bli finare.

Då dagen starta sat me på stranda og høyrde om Meisteren som ein morgon for lenge sidan kom vandrane langs Genesaretsjøen: Sola var på veg opp. Fiskarane Peter og Andreas stod der og kasta nota i sjøen, då Jesus sa til dei: «Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!» Dei gjekk frå garna sine og følgde han.

Så sit me - vaksne og konfirmantar - på stranda 2000 år etterpå, og igjen kjem meisteren, og framleis seier han til menneske som oss «Kom, følg meg.»

Han gjer ikkje forskjell på folk, men inviterer oss med slik som me er. Ikkje slik som me skulle ønska me var, men slik som me er, så kan me vita at me blir rekna med.

Me snakka om vennskap. Då konfirmantane vart utfordra på å koma med eigenskapar dei tenkte beskreiv ein god ven kom det: lojal, snill, til å stola på, kul, snill, morosam, kan halda på ein hemmelegheit, snill og fleire ting.

Gode eigenskapar, men snill var det ordet som kom igjen oftast. Og Jesus er snill, verkeleg snill. Han er snill slik at vi merkar det: Han ser, han gjer oss trygg, han utfordrar. Det krevst mot å sleppa alt for å følgja han, men i møte med han kjenner me kva ein ven er. Jesus viser at du er trygg, du er elska, du er viktig.

SOKNEPREST OLAV OMA

## Salmen min

### Nr 479 | Fordi han kom

Dette er ein salme eg har sunge mykje dette året: Heime, i gudsteneste og gravferd. Den har ein fantastisk fin melodi som "set seg på hjernen", og er lett å syngja til tross for mykje tekst. Kyrkjelydane våre er blitt glad i denne songen.

Teksten malar Jesus glad og sterk: Han kjem med håp og nærvær der ein er. Han trassar den motstand livet stadig gir. Han viser seg som sigerherre mot alt vondt, og alltid kjem han til den som er knekt og liten.

Dette er ein "ny" salme som kom med i salmeboka i 2013, men som de ser er teksten omsett til norsk i 1999, og det var 20 år etter at den kom på originalspråket. Salmen er også kjent som «Håpstango». Høyr, syng og les han gjerne.

SOKNEPREST OLAV OMA



Fordi han kom og var som morgenrøden  
og brøt Guds taushet og vår angst for døden,  
fordi han gjennom handlinger og taler  
har lukket porten opp til himlens saler,  
fordi han var Guds Sønn og en av våre  
og gikk omkring i gater og i gårder,  
fordi han lot de siste bli de første  
og lot de blinde se og småfolk trøste,

Omkved

så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær, selv når vi lider,  
så kan vårt brutte håp som solen stige,  
så kan vi se at kommet er Guds rike.  
Så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær, selv når vi lider,  
så kan vårt brutte håp som solen stige.  
Gud er hos oss.

**NORSK SALMEBOK NR 479 | TEKST:** 1979 FREDERICO JOSÉ PAGURA | **OMSETT:** 1999 HOLGER LISSNER, 2000 ESTRID HESSELLUND | **MELODI:** 1979 HOMERO R. PERERA

# Tusen takk til støttespelarane våre!

---



teca®

*Alt teknisk gjort enkelt for deg!*



**Heiane Bil as**

Heiane, 5412 STORD - Telefon 53 40 23 00 - Mobil 90 50 69 00  
[www.heianebil.no](http://www.heianebil.no)

**RENEVO**




## Mange med på spleiselaget!

Me er veldig takksame for alle aktørane i næringslivet som har støtta og støttar SPIRA .

For å kunne gje ut SPIRA treng me mange på spleiselaget. Kunne du tenke deg ei støtteannonse i bladet?

Gje oss i redaksjonen ei melding på epost: [spira@kyrkja-stord](mailto:spira@kyrkja-stord).



anleggsgartner.no  
JOSTEIN GRIMSBØ T: 97789400

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## Døpte sidan sist

### Stord kyrkje

#### Søndag 03.04.

Josefine Dreyer-Åsheim  
Maria Løvbrekke Westvik  
Balder Onarheim

#### Søndag 10.04.

Sander Salvador Kartveit  
Iver Stavdahl

#### Søndag 24.04.

Sanna Salmo Ekre  
Mariell Hannevig Nysæther

#### Søndag 01.05.

Mila Tyse Vaage  
Malvin Djupvik  
Iver Solheim Karlsen  
Matheo William Havnes  
Johanne Isaksen Østerhus

#### Søndag 15.05.

Sofia Søvik Sunde  
Anna Ulvatn Westerheim  
Kristian Olai Stokken Berg  
Tomine Auestad Engevik  
William Irgens Tveita  
Jakob Quam Kaspersen

#### Søndag 29.05.

Marius Fatland Slettvåg

#### Søndag 05.06.

Helle Sprorsheim  
Milàn Hernández Matre  
Edwin Iversen Walkosz

#### Laurdag 18.06.

Oliver Lavik

#### Søndag 19.06.

Emilie Heggernes Ødegård  
Oscar Junior Bjordal Lillemoen  
Henrik Steinkjer  
Ella Nylund

#### Søndag 03.07.

Alda Halland Håvardsholm

#### Søndag 17.07.

Magnus Birkeland Almås

#### Søndag 14.08.

Teo Kannelønning Kaastad  
Ulrik Carlsen Haukefær  
Mateo Angeltveit-Breen

#### Søndag 21.08.

Sonja Bakkane Gravdal  
Theodor Kårøy Engseth

#### Søndag 04.09.

Hermine Isla Moland Larsen  
Georg Hamnes Grasdahl

*Nokon som skal bli døypt?*

## Velkommen til dåp



Arkivfoto: Barbro Høyland Andersen

### Nysæter kyrkje

#### Søndag 10.04.

Miriam Bergeland Ottesen

#### Søndag 24.04.

Aksel Dagsland

#### Søndag 01.05.

Siwakorn Siggie Mæland Montha  
Emilie Smakiqi Eide  
Leander Smakiqi Eide  
Live Brandsdal Danielsen  
Åsa Alsaker Saue

#### Søndag 29.05.

Milian Tvedt Baldersheim  
Selma Andrèn

#### Søndag 05.06.

Noah Elias Pedersen Hellesfjord

Som de ser har me mange til dåp i kyrkjene våre. De er alltid velkomen med borna eller dykk sjølve til dåp.

**Korleis melder ein nokon til dåp?** Gå inn på heimesida vår [kyrkjastord.no](http://kyrkjastord.no). Trykk på lenka til dåp. Der finn du påmeldingsskjema og datoar.

Du kan også ringa kyrkjekontoret på tlf 53 40 34 30 eller ta kontakt med ein av dei tilsette så hjelper me deg.